

Orden- og åtferdsreglar på Meland ungdomsskule

Orden:

1. Elevane møter til timane til rett tid og har med det dei treng til undervisninga
2. Elevane skal vere til stades i undervisninga, og skal halde seg på skulen sitt område med mindre løyve frå skulen er gitt.
3. Elevane skal bidra til at det er arbeidsro i timane slik at alle får eit godt grunnlag for læring.
4. Skulen har som mål å fremje sunne vanar, og elevane får difor ikkje nyte godteri og brus/energidrikk i skuletida.
5. Elevane har medansvar for å ta vare på skulebygget og for at klasseromma og skuleplassen er ryddig og i orden.
6. Elevane kan bruke sykkel, elsparkehjul, rullebrett eller liknande til og frå skulen, men skal ikkje bruke desse i skuletida, og dei skal plasserast ute på tilvist plass, helst låst fast til noko.
7. Elevane skal rette seg etter meldingar frå tilsette ved skulen.

Åtferd:

8. Elevane har rett til å ha det trygt og godt på skulen, derfor skal kommunikasjonen mellom elevar og vaksne og elevar i mellom, både digitalt og verbalt, vere fri frå krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme.
9. Elevane skal bruke skulen sitt digitale utstyr slik det framgår av kontrakten.
10. Røyking, snus, el-sigarettar og bruk av rusmidlar er forbode på og i nærleiken av skulen. Elevane har heller ikkje lov å ha med rusmidlar, røykjesaker, fyrstikker eller lighter på skulen.
11. Elevane skal ikkje bruke mobiltelefonar eller private nettbrett i skulen, med mindre lærar gir tilgang til dette i undervisninga. Mobiltelefonen skal uoppfordra slåast av og leggjast i mobilhotellet i klasserommet kvar morgon. Eigne avtalar gjeld når elevane har kroppsøving/alternative dagar, og/eller ikkje startar/sluttar på skulen etter endt undervisning. Då nyttar ein boksar/eller har telefonane avslått i sekken.
12. Elevane skal ikkje gjere hærverk på skulen eller på utstyr som tilhøyrer skulen eller medelevar.
13. Elevane skal ikkje ha med seg farlege gjenstandar på skulen, herunder kniv og andre våpen.
14. Blikkontakt er viktig i undervisningssituasjonar, og derfor kan ikkje elevane ha på seg plagg som heilt eller delvis dekker ansiktet.

Konsekvensar ved brot på reglementet

1. Munnleg tilbakemelding til elev
2. Munnleg kontakt med føresette
3. Skriftleg merknad/melding til elev og føresette i Visma
4. Høve til, ved t.d. oppgåve, å rette opp skade som er påført eigedom eller eigedelane til skulen (rydde søppel, vaska golv, fjerne tagging og liknande)
5. Vere til stade på skulen før eller etter skuletid i samband med samtalar eller for å utføre avtalte oppgåver
6. Setje ned karakter i orden og/eller åtferd etter fleire regelbrot dersom føresette på førehand er varsla, eller ved særleg grove einskilde hendingar jfr. forskrift til oppl § 3-4, §3-6, § 3-7 og §3-8.
7. Bortvising frå undervisninga for resten av dagen (opplæringslova § 9A-11)
8. Bortvising frå undervisninga i inntil tre dagar, (opl. lova § 9A-11)
9. Innskrenke tilgjengeleg areal for ein kortare periode
10. Byte klasse mellombels eller permanent
11. I heilt spesielle tilfelle kan kommunen vedta eit mellombels eller permanent byte av skule (opplæringslova § 9A-12)

